



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Retningslinjer

Kapittel 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling

Kapittel 551, post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling,
kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift

Innleiing

Retningslinjene gjeld frå 1.1.2013.

Formålet med retningslinjene er å fastleggje prinsipp og rammer for bruk av distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel hos fylkeskommunane og dei aktørane som skal forvalte verkemiddel på vegner av fylkeskommunane. Vidare skal retningslinjene medverke til ei einskapleg og forsvarleg økonomiforvaltning av dei distrikts- og regionalpolitiske midlane. Forvaltninga skal følgje Reglement for økonomistyring i staten og Bestemmelser om økonomistyring i staten som blei fastsette 12. desember 2003, med endringar, seinast 8. juni 2010. Løyvingsreglementet, forvaltningslova¹, offentleglova², kommunelova (for kommunal og fylkeskommunal verksemd), arkivlova, eForvaltningsforskrifta og lova om offentlege anskaffingar gjeld også for forvaltninga av postane 60 og 61. Vidare skal midlane forvalta innanfor dei avgrensingane EØS-avtalen set for offentlig støtte, jf. The EFTA Surveillance Authority State Aid Guidelines, kommisjonsforordninga om gruppeunntak og bagatellstøtte.

Retningslinjene utgjer eit ytre rammeverk for kap. 551, postane 60 og 61. Fylkeskommunane kan utarbeide eigne retningslinjer innafor desse retningslinjene.

1 Forvaltningslova gjeld ikkje for Innovasjon Norge, SIVA eller Forskningsrådet. Jf. § 6. *Forholdet til annen lovgivning i lov om Innovasjon Norge*, er ikkje Innovasjon Norge underlagt forvaltningslova. SIVA er organisert som statsforetak, og er jf. § 4 ikkje underlagt forvaltningslova i lov om statsforetak.

I Norges forskningsråd sine vedtekter slås det fast at "*For Norges forskningsråds vedtak gjelder ikke forvaltningslovens regler om begrunnelsesplikt og vedtaket kan ikke påklages.*"

2 Unntak er beskrive § 1g i Forskrift til offentleglova.

Retningslinjene er todelte og har tre vedlegg. Del I rammer for bruken av verkemidla. Del II omhandlar prinsipp for forvaltning. Vedlegg 1 inneheld dei mest aktuelle støttereglane i regelverket for offentlig støtte. Vedlegg 2 er ein rettleiar for forvaltning av tilskotsordningar. Vedlegg 3 inneheld soneinndeling for det distriktpolitiske virkeområdet.

DEL I - Rammer for bruken av verkemidla

1 Nasjonale og fylkeskommunale mål og strategiar for verkemiddelbruken

Midlane skal vere med på å realisere fylkeskommunale mål for regional utvikling i tråd med gjeldande kommunale og regionale planar. Dei fylkeskommunale måla skal liggje innanfor dei overordna nasjonale måla som gjeld til kvar tid, slik desse måla er nedfelte i dei årlege budsjettproposisjonane (Prop. 1 S). Midlane skal medverke til å vidareutvikle og utløyse regionale fortrinn i tråd med måla for programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikken. Departementet kan setje utfyllande krav og prioriteringar gjennom årlege tilskotsbrev til fylkeskommunane.

2 Ansvar og rolla til aktørane

Kommunal- og regionaldepartementet er ansvarleg overfor Stortinget for bruken av midlane.

Regionalt samarbeid og partnerskap

Fylkeskommunane tek som folkevalde organ den endelege avgjerda om prioritering av midlane. St.meld. nr. 25 (2008–2009) Lokal vekstkraft og framtidstru gjer greie for forventningar til regionalt samarbeid og partnerskap. Fylkeskommunane skal leggje opp til prosessar som sikrar god dialog med regionale og lokale aktørar om mål, utfordringar og strategiar, og som sikrar samarbeid om tiltak og bruk av ressursar. Det krev at roller og mandat innanfor dei enkelte samarbeidsforuma er avklarte, inkludert forståinga av partnerskapsomgrepet i dei konkrete situasjonane. Avgjerdene i partnerskapen bør i størst mogleg grad byggje på konsensusprinsippet.

Fylkeskommunane, kommunane og Innovasjon Noreg må avklare ei tenleg arbeidsdeling og samordning mellom bruk av kommunale/regionale næringsfond og ordningar som Innovasjon Noreg og fylkeskommunane forvaltar

Medverknad frå andre forvaltningsorgan

Fylkeskommunane skal hente inn merknader og kommentarar frå ansvarlege forvaltningsorgan i handsaminga av søknader på område der det finst slike organ. Fylkeskommunane må også ta omsyn til gjeldande nasjonale føringar og mål innanfor berørte sektorar.

Strategisk versus operativt forvaltningsansvar ved direkte bedriftsstøtte

Fylkeskommunane skal ikkje vere forvaltar for direkte bedriftsretta verkemiddel overfor enkeltbedrifter, men bruke Innovasjon Noreg som operatør. Fylkeskommunane kan tildele midlar til dei nasjonale programma NCE, ARENA, Næringshageprogrammet og Inkubatorprogrammet etter same prinsipp som dei notifikerte ordningane³. I tillegg har fylkeskommunane høve til å tildele transportstønad innanfor den notifikerte ordninga. Dersom fylkeskommunane vil gje tilskot til næringshagar eller inkubatorar utanom dei nasjonale programma, må fylkeskommunane sjølv notifikere støtta.

Kommunar og regionråd kan tildele direkte bedriftsretta støtte innanfor bagatellstøtteregelverket (de minimis) og gruppeunntaka (sjå vedlegg 1). Dersom gruppeunntak skal nyttast, må forvaltar sjå til at ei støtteordning blir utforma i tråd med krava i regelverket, og at det blir sendt nødvendig informasjon til ESA via Fornyings- og administrasjons- og kirkedepartementet.

Delegering av forvaltningsoppgåver og mynde

Delegering av forvaltningsoppgåver og mynde frå fylkeskommunane til andre forvaltarar skal skje gjennom oppdragsbrev eller avtale/kontrakt, som omtaler vilkåra for forvaltninga og bruken av midlane. Det omfattar mellom anna å fastsetje nærmare reglar om korleis ordninga skal forvaltast, sikre informasjon om ordninga, behandle søknader, gjere vedtak om tildelingar, skrive tilskotsbrev, rapportere om bruken av midlar og føre kontroll. Forvaltningsoppgåver kan delegerast heilt eller delvis. Fylkeskommunane har ansvar for å avklare ansvarsdelinga mellom fylkeskommunen og den som har fått delegert forvaltningsansvar. Sjølv om fylkeskommunane har sett delar av eller heile forvaltninga til andre, gjeld desse retningslinjene.

Det er fylkeskommunane sitt ansvar å sjå til at den som overtek forvaltninga, er skikka til det og i stand til å handheve gjeldande lovar og retningslinjer som følgjer med bruken av midlane. Fylkeskommunane må mellom anna ta stilling til kva krav det er naudsynt å stille til ein tilskotsforvaltar, for seinare å kunne vurdere forvaltaren si forvaltningsevne og ordninga si måloppnåing. Den som forvaltar midlane må ha system for internkontroll, risikovurderingar og mål- og resultatstyring. Det er viktig at slike krav vert omtalt i oppdragsbrev ev. avtalen/kontrakten mellom fylkeskommunen og tilskotsforvaltaren.

Fylkeskommunane er ansvarlege overfor Kommunal- og regionaldepartementet for dei midlane som er delegerte til andre forvaltarar. Aktørar som har fått delegert forvaltninga frå fylkeskommunane, har ikkje høve til å delegere oppgåvene vidare til andre.

³ Avgjerd av ESA for SIVA sine program: <http://www.eftasurv.int/?l=1&showLinkID=15859&l=1>, avgjerd av ESA for NCE og ARENA: <http://www.eftasurv.int/media/decisions/9-11-COL.pdf>

Høve til å delegere forvaltninga til selskap som ikkje er offentleg heilåtte

Fylkeskommunane kan i avgrensa omfang delegere forvaltninga heilt eller delvis til selskap som ikkje er offentleg heilåtte, dersom fylkeskommunane sjølv ønskjer det og finn det formålstenleg, og når vedkommande instans er villig til å overta oppgåver under dei føresetnader som fylkeskommunane sett. Ein slik praksis er eit unntak frå økonomireglementet, og slike unntak skal vurderast og grunngjevast særskilt. Ved delegering må fylkeskommunane vurdere om lova om offentlege anskaffingar gjeld. For ikkje-offentlege forvaltarar er hovudregelen at alle delegeringsoppdrag skal leggjast ut på anbod. Den aktøren som har påteke seg forvaltningsoppgåver må gje skriftleg samtykke til fylkeskommunen. Ikkje-offentlege forvaltarar skal dokumentere overfor fylkeskommunane korleis dei følgjer opp tilskotsforvaltninga. Dersom fylkeskommunane oppdagar vesentlege brot på god tilskotsforvaltning, ber departementet om å få rapport på dette.

Dersom fylkeskommunane delegerer forvaltningsansvar til andre selskap som ikkje er offentleg heilåtte enn dei som var forvaltarar i 2010, skal fylkeskommunane gje skriftleg melding til departementet.

3 Tilskot versus offentlege anskaffingar

Fylkeskommunane, eller dei som forvaltar midlar på vegne av fylkeskommunane, skal vurdere om tildelinga er eit tilskot eller kjøp av ei teneste. For offentlege innkjøp gjeld regelverket for offentlege anskaffingar.

4 Kriterium for måloppnåing

Rapporteringskrav for å synleggjere måloppnåinga blir gjorde kjende i dei årlege tilskotsbreva frå Kommunal- og regionaldepartementet.

5 Avgrensingar i bruken av midlane

Geografisk virkeområde for bruken av midlane

Dei distrikts- og regionalpolitiske midlane over post 60 skal i hovudsak nyttast innanfor virkeområdet for dei distriktpolitiske verkemidla (sonene II, III og IV, sjå vedlegg 3). Midlane over post 61 blir løyvde til fylkeskommunar med kommunar som ikkje fekk gjeninnført differensiert arbeidsgivaravgift, eller som fekk gjeninnført ordninga med ein høgare sats enn i 2003. Slike midlar skal som hovudregel nyttast innanfor desse områda, med mindre det er konsensus i den regionale partnerskapen eller føringar frå departementet om at midlane skal ha eit anna geografisk nedslagsfelt.

Direkte bedriftsstøtte

Direkte bedriftsstøtte kan berre bli gitt innanfor sonene III og IV i det distriktpolitiske virkeområdet. Grensa for maksimal investeringsstøtte er høgare i områda i sone IV enn i sone III. Satsane som gjeld i sone IV, skal derimot kunne nyttast i sone III dersom eitt av følgjande vilkår er oppfylt:

- Område som oppfyller kriteria for når det kan vere aktuelt med ein ekstraordinær statleg omstillingsinnsats, slik det går fram av St.meld. nr. 25 (2008–2009) Om regionalpolitikk, under punkt 7.3.3.
- Område som fylkeskommunane sjølve meiner treng ein ekstraordinær innsats, til dømes gjennom politiske vedtak i fylkeskommunen om særskild omstillingsstatus, eller som er lagde til grunn i skjønnsstildelinga frå kap. 551, post 60 frå Kommunal- og regionaldepartementet.

Etablerartilskot og inkubatorstipend kan bli gitt i heile landet.

Utløysande effekt

Midlane skal i utgangspunktet ha utløysande effekt. Tilskotet skal medverke til at prosjekt som elles ikkje ville ha blitt gjennomført blir realisert. Det er ikkje tilstrekkeleg at tilskotet medverkar til å oppretthalde eit tilbod.

Kommunale grunnlagsinvesteringar

I sone II, III og IV i det distriktpolitiske verkeområdet kan det bli gitt støtte til investeringar i kommunale prosjekt som tilrettelegging for næringsverksemd, stadutvikling, vassverksutbygging og liknande.

Investeringar, drift og vedlikehald av ordinære drifts- og lovpålagte oppgåver

Midlane skal i hovudsak ikkje nyttast til å finansiere investeringar i og/eller ordinær drift og vedlikehald av statlege, fylkeskommunale eller kommunale ordinære driftsoppgåver eller lovpålagde oppgåver. Oppgåver innan forvaltning, velferdsproduksjon og offentlig forretningsverksemd, som er lovpålagt eller definert i proposisjonar til Stortinget, skal finansierast over budsjetta til dei departementa som pålegg desse oppgåvene. Dette gjeld òg i dei tilfella der private tilbydarar og aktørar har teke over det operative ansvaret for å utføre slike oppgåver på vegner av det offentlege. Vidare gjeld dette også offentlig og privat forvaltnings- eller forretningsverksemd, med unntak av kostnadane som er knytt til gjennomføring av forvaltninga av postane 60 og 61 slik det er definert i desse retningslinjene.

Andre driftskostnader i forvaltninga og i prosjekter

Definisjon av administrasjons- og gjennomføringskostnader og driftskostnader:

- I. Administrasjons- og gjennomføringskostnader hos forvaltarar og tilskotsmottakarar (jf. tabell 1):
 - a) *Personalkostnader*: Lønsutgifter, pensjon, sosiale kostnader og andre personalkostnader
 - b) *Overhead*: Indirekte kostnader knytt til medarbeidarar, som IT, kontorkostnader og tilknytte administrative tenester
 - c) *Reisekostnader* innanfor ramma av statens reiseregulativ

II. Driftskostnader berre hos tilskotsmottakarar (jf. tabell 1):

- d) *Andre driftskostnader* som direkte prosjekterelaterte kostnader til innkjøp av utstyr, trykksaker, varer eller tenester som lisens, konsulenttenester, leige av utstyr.

Tabell 1: Avgrensing av administrasjons- og gjennomføringskostnader (forvaltning) og driftskostnader (prosjekt)

		Type kostnader	Element det er lov å dekkje, jf. definisjon over
Forvaltar	Fylkeskommunane	<i>Administrasjons- og gjennomføringskostnader</i>	a-c
	Verkemiddelaktørane ⁴ (VMA)		
	Kommuner, regionråd og andre forvaltere		
Tilskotsmottakar	Tilskotsmottakarar ved ordningar i regi av VMA	<i>Driftskostnader</i>	a-d
	Andre tilskotsmottakarar		

Administrasjons- og gjennomføringskostnader i forvaltninga av midlane (a-c i definisjonen over)

- Fylkeskommunane og andre aktørar enn dei nasjonale verkemiddelaktørane som fylkeskommunane delegerer forvaltningsansvar til

Fylkeskommunane og andre aktørar enn dei nasjonale verkemiddelaktørane som fylkeskommunane delegerer forvaltningsansvar til, kan nytte inntil 5 pst. av løyvinga på kvar av postane til delvis å dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader ved forvaltninga av midlane. Det er høve til å bruke inntil 6 pst. av midlane til Technical Assistance i gjennomføringa av Interreg IVA.

Administrasjons- og gjennomføringskostnadene skal vere knytt til dei tilsette i fylkeskommunane/den aktør som har fått delegert forvaltningsansvar, som har ansvar for fordeling av midlar til innsatsområde/tilskotsordningar, søknadshandsaming, tilskotsforvaltning, prosjektoppfølgning, fordeling og oppfølging av rammer til andre verkemiddelaktørar/kommunar/regionar med vidare og rapportering.

Midlane kan nyttast til å kompensere for utgifter hos aktørar frå næringslivet, som til dømes tapt arbeidsforteneste, møtegodtgjering, reiseutgifter for å kunne delta i partnerskapsarbeid ved forvaltninga av postane, der kostnadene ikkje er dekt av andre aktørar. Godtgjering må skje innanfor ramma av staten sitt regulativ.

⁴ Verkemiddelaktørane er i desse retningslinjene definert som Innovasjon Noreg, SIVA og Forskningsrådet.

Midlane skal ikkje nyttast til å dekkje kostnader ved internt utviklingsarbeid, som planleggingsoppgåver, strategi- og politikkutvikling innan regional utvikling, eller utreiingar og analyser i samband med dette.

Kostnader ved faglige evalueringar av virkemiddelbruken kan framleis dekkjast, jf. del II Økonomiforvaltning, II Tilskotsforvaltning, punkt 5 Evaluering. Evalueringar ligg ikkje innanfor dei 5 pst. som kan nyttast til å dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader ved forvaltninga.

Midlane skal rapporterast i det systemet Kommunal- og regionaldepartementet til einkvar tid driftar.

- Verkemiddelaktørane (VMA)

Fylkeskommunane skal dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader for oppdrag dei inngår med verkemiddelaktørane som blir finansierte over postane 60 og 61, dersom desse ikkje er dekt av andre. Administrasjons- og gjennomføringskostnader ved tilskotsordningar finansierte over post 60, blir dekkja av ei overføring frå departementet direkte til Innovasjon Noreg. Låne- og fondsaktiviteten er sjølvfinansierende. Virkemiddelaktørane er pålagt å rapportere årlig kor stor del av løyvinga som er brukt til å dekke administrasjons- og gjennomføringskostnadane⁵.

Driftskostnader i prosjekt (a-d i definisjonen over)

Støtte til prosjekt, medrekna støtte til drift, kan gjevast i inntil fem år som ein del av lokalt og regionalt utviklingsarbeid. Unntaket er støtte til prosjekt under ordningar i regi av dei nasjonale verkemiddelaktørane. Desse kan støttast i tråd med regelverka for dei ulike ordningane.

Ungt Entreprenørskap

For Ungt Entreprenørskap i det enkelte fylke, kan fylkeskommunane dekkje alle typar kostnader knytt til drift og aktivitetar i Ungt Entreprenørskap sine programperiodar.

Transportstøtte

Midlane frå postane 60 og 61 kan nyttast til å finansiere transportstøtte innanfor dei nasjonale retningslinjene for regional transportstøtte godkjende av ESA, jf. punkt 13 i vedlegg 1.

Skatteplikt

Departementet gjer merksam på at enkelte former for bedriftsstøtte er skattepliktige, jf. § 5-30 i skattelova. Dette gjeld mellom anna transportstøtte, opplæringsstilskot og andre

⁵ Dersom rådgivingstjenester og tilretteleggende virksomhet inngår i administrasjons- og gjennomføringskostnadene, skal dette redegjøres for i årsrapporteringen.

tilskot som reduserer driftskostnadene. Investeringsstilskot som er gitt i tråd med *forskrift om geografisk virkeområde og bruk av dei regional- og distriktpolitiske verkemidla*, er ikkje skattepliktige i det distriktpolitiske virkeområdet. Skattefritak gjeld også investeringsstilskot gitt gjennom kommunale og regionale næringsfond løyva over kap. 551, postane 60 og 61. Dersom ei bedrift har tatt imot investeringsstilskot og fått skattemessige fordelar av dette, og driftsmidlet blir seld innan ein femårsperiode, skal bedrifta betale skatt av tilskotet.

Renter, avdrag og refinansiering

Midlane skal i utgangspunktet ha ein utløysande effekt og dekking av renter og avdrag på lån og refinansiering av allereie gjennomførte prosjekt er ikkje lov. For Innovasjon Noreg gjeld egne reglar.

Kausjon og garantiar

Jf. Kommuneloven kan det ikkje stillast kausjon eller anna økonomisk garanti knytt til næringsverksemd som blir utført av andre enn kommunen eller fylkeskommunen sjølv. Vi syner likevel til lov om Innovasjon Noreg der det vert opna for at dei kan opprette distriktsretta låne- og garantiordningar.

Fond

Oppbygging av generelle fond utan eit spesifikt formål er ikkje tillate. Unntak frå hovudregelen er tapsfond innafor ordningar som blir forvalta av Innovasjon Noreg, SIVA og Forskingsrådet. Regelen omfattar ikkje midlar til kommunale eller regionale næringsfond, eller omstillingsfond, der midlane i realiteten er vidaredelegerte rammer og ansvar frå fylkeskommunane.

Investering i eigenkapital

Midlane skal ikkje nyttast til direkte eller indirekte investering i eigenkapital i verksemdar. Unntaka er omtalt i avsnittet om *"Nærmare om risikolån, garantiar og tapsavsetningar"*.

Nærmare om risikolån, garantiar og tapsavsetningar

Innanfor ramma for postane 60 og 61 kan det bli gitt tilskot og avsetning til eit felles tapsfond for risikolån og garantiar⁶ forvalta av Innovasjon Noreg.

Risikolån kan også bli gitt som vilkårsbundne lån. Med risikolån meiner ein ansvarlege lån, gjeldsbrevlån og pantelån. Nye pantelån skal normalt sikrast med prioritet etter pantelån frå andre kredittinstitusjonar. For risikolån kan det avtalast rett til konvertering til aksjekapital. Risikolåna kan også konverterast til aksjekapital i situasjonar der lånet alternativt ville vore ettergitt. Dette er unntaket frå hovudregelen i avsnittet over om

⁶ Departementet syner til vedtaket i Stortinget 15. mars 2011 Lovvedtak 43 (2010–2011) om endringar i lov om Innovasjon Noreg. Lova tredde i kraft 1. juli 2011.

”Investering i egenkapital”. Unntaket gjeld berre Innovasjon Norge. Renta på nye risikolån skal setjast høgare enn renta på nye lågrisikolån med tilsvarande rentebindingsperiode. Tilsvarande gjeld renteregulering av risikolån ein alt har.

Garantiordninga har som formål å sikre finansiering av prosjekt der risikoen i utgangspunktet er høg, og stønad frå Innovasjon Noreg medverkar til at prosjektet blir gjennomført. Garanti blir stilt som ein tapsgaranti, normalt basert på at Innovasjon Noreg og annan finansieringsinstitusjon delar risikoen. Verksemdene og prosjekta skal ha realistisk høve til å oppnå lønnsemd.

Rentemarginen på risikolån skal dekkje administrasjonskostnadene for ordninga. Nettobeløpet, etter at administrasjonskostnadene er dekte, skal tilbakeførast til fylkeskommunane etter ein fordelingsnøkkel bygd på den delen som fylkeskommunane har av risikolån- og garantiporteføljen. Dersom nettobeløpet eit år er negativt, må det dekkjast frå tilsegnssramma for tilskot frå fylkeskommunane eller ved overføring frå fylkeskommunane.

Det skal vere eit felles tapsfond for distriktsretta risikolån og garantiar for alle årgangar innanfor ordninga. Innovasjon Noreg er ansvarleg for å fylle opp tapsfondet for distriktsretta risikolån og garantiar av tilsegnssramma for tilskot frå fylkeskommunane. Tapsfondet skal spegle den reelle risikoen i utlånsporteføljen til selskapet og bere dei samla tapa som kan oppstå, ved at det blir sett av midlar til framtidige forventa tap. Midlar som blir sette av til tapsfond, skal svare til vurdert risiko i kvar enkelt låne- og garantilovnad. Risikovurderinga skal byggje på både individuelle og gruppevise nedskrivingar. Innovasjon Noreg skal årleg vurdere storleiken på tapsfondet opp mot vurdert risiko i låne- og garantiporteføljen og etterfylle tapsfondet dersom dette avvik negativt meir enn ti prosentpoeng frå porteføljerisikoen. Dersom det negative avviket er på meir enn fem prosentpoeng, skal fylkeskommunane og staten ved Kommunal- og regionaldepartementet varslast. Dersom det skulle bli behov for å etterfylle tapsfondet, vil dette skje etter ein fordelingsnøkkel der den delen fylkeskommunane har av risikolån- og garantiporteføljen per siste 31.12, skal leggjast til grunn, uavhengig av kvar tapet er oppstått. Dersom tapsfondet avvik positivt frå vurdert risiko med meir enn ti prosentpoeng, skal fylkeskommunane og staten ved Kommunal- og regionaldepartementet varslast med tanke på ei eventuell tilbakeføring til fylkeskommunane.

DEL II – Prinsipp for forvaltning

I Overføring av midlar

1 Overføring av midlar frå departementet til fylkeskommunane

Ramma til fylkeskommunane blir gitt som tilskot utan tilbakebetaling. Unytta ramme kan omdisponerast til andre tiltak innanfor det same formålet, uavhengig av kva for eit år ramma er gitt (jf. årlege budsjettproposisjonar). Ved inndraging av deltilskot og liknande, skal midlane nyttast til nye tilsegner. Renteinntekter skal ikkje nyttast til andre formål enn formåla for postane 60 og 61.

Midlane skal plasserast på renteberande konto med høg likviditet. Midlane skal vere tilgjengelege til kvar tid.

2 Overføring av midlar frå fylkeskommunane til andre tilskotsforvaltarar

Etter at ramma til andre tilskotsforvaltarar er fastlagd, har fylkeskommunane ansvar for å sende over oppdragsbrev innan utgangen av første kvartal, slik at tilskotsforvaltarane kan planleggje verksemda si etter gitte mål, føringar og rammer. Fylkeskommunane har også ansvar for å overføre midlane for det gjeldande budsjettåret, slik at tilskotsforvaltarane heile tida har likviditet til å utbetale tilsegner som er gitt. Men midlane skal ikkje nyttast til å regulere likviditeten hos forvalter. Fylkeskommunane skal ikkje utbetale nye midlar til forvaltar før rapport for førre året er innlevert i samsvar med krava til departementet og fylkeskommunane. Renteinntekter skal ikkje nyttast til andre formål enn formåla for postane 60 og 61.

II Tilskotsforvaltning

Fylkeskommunane og dei aktørane som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunane, skal følgje føresegnene for etablering og forvaltning av tilskotsordningar og for enkelståande tilskot, jf. kap. 6 i Bestemmelser om økonomistyring i staten.

Fylkeskommunane får likevel fullmakt til å fastsetje i kva år tilsegn skal givast, og kor lenge ei tilsegn skal gjelde, til å behandle søknader om forlenging av tilsegn og til å løyve unytta midlar til nye tiltak i tråd med dei måla Stortinget har sett for løyvinga.

Vedlegg 2 oppsummerar krava til forvaltninga av tilskotsordningar.

1 Krav til mål og resultatstyring

Fylkeskommunane skal forvalte midlane over postane 60 og 61 etter prinsippa for mål- og resultatstyring. Dette inneber mellom anna å utarbeide eit mål- og resultatstyringssystem med indikatorar og resultatkrav som svarer til fylkesplanen sine mål for regional utvikling.

Innovasjon Noreg har overordna mål som er i tråd med nasjonale mål og strategiar. I den grad fylkeskommunane ikkje utarbeider eigne mål- og resultatkrav for midlar til Innovasjon Noreg, vil Innovasjon Noreg sine mål og strategiar vere førande.

2 Krav til kunngjering

For å sikre lik handsaming skal midlane kunngjerast. Midlane må kunngjerast på ein slik måte at ein når heile målgruppa som tilskotsordninga tek sikte på. Kunngjeringa må seie noko om formål, tildelingskriterium, kva for opplysningar søkjaren må gi i søknaden, og eventuell søknadsfrist. Fylkeskommunane eller dei aktørane som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunane, er ansvarlege for at midlane kunngjereast.

3 Prosedyrar ved søknadshandsaming, tildeling av midlar m.m.

Behandlinga av søknadar skal følgje reglane i forvaltningslova. Tilskot skal tildelast på grunnlag av søknad. Avgjerder om tildeling av tilsegn skal vere skriftleg dokumenterte. Dette gjeld også elektroniske søknadar.

Vilkår og rutinar for registrering av tilsegner, aksept av vilkår, utbetaling

Alle forvaltarar skal føre oversikter der det til kvar tid går fram kva som er omfanget av tilsegner, tapsfondsavsetningar og utbetalingar under ordninga.

Tilskotsmottakar skal skriftleg akseptere at tilskotet blir motteke med dei vilkåra som er gitt innan ein rimeleg fastsett frist. Dersom tilskotet er under 100 000 kr kan fylkeskommunane sjølv velje om mottakar må gje skriftleg aksept. I slike tilfelle må prosjektet vere fullfinansiert av prosjekteigar og fylkeskommunen. Fylkeskommunane må sette tidsfrist for bortfall av tilsegn. Fylkeskommunane må vidare etablere rutinar for å inndra tilsegn og for kva reaksjonar dei vil setje i verk i dei tilfelle der midlane ikkje blir brukt i tråd med føresetnadene. Dette må gå fram av tilskotsbrevet til mottakar.

Som ein hovudregel skal tilskot utbetalast etterskotsvis. Tilskot skal ikkje nyttast til å regulere likviditeten til tilskotsmottakaren. Dersom tilskotet skal dekkje driftskostnader, kan det betalast ut i terminar tilpassa profilen på kostnadene. Heile tilskotet kan ikkje utbetalast før prosjektet er avslutta. Som hovudregel skal 25 pst. av tilskotet haldast tilbake til prosjektet er avslutta og resultatskjema, ev. rapport, er sendt inn. Dersom sluttrekneskapen viser at arbeidet ikkje er utført i det omfanget som er føresett, eller til den oppgitte kostnaden, skal tilskotet reduserast i høve til det.

Klagehandsaming

Enkeltvedtak som fylkeskommunane har gjort, og som er behandla i medhald av desse retningslinjene, kan klagast inn til fylkestinget eller den fylkestinget har gitt fullmakt. Lova om handsamingsmåtar i forvaltningssaker (forvaltningslova) av 10. februar 1967 gjeld ikkje

for Innovasjon Noreg si forvaltning av midlar over Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjett, og vedtak som Innovasjon Noreg har gjort, kan ein ikkje setje fram klage mot.

Krav til rekneskap og attestasjon frå revisor

Tilskotsmottakar skal føre separat rekneskap for bruken av midlane.

Før sluttutbetaling av enkelttilsegn, må det liggje føre revisorattestert rekneskap dersom tilskotet overstig 100 000 kroner. Det er statsautorisert revisor eller registrert revisor som skal attestere. Tilskotsmottakarar som ikkje er revisjonspliktige, kan få rekneskapet bekrefta av autorisert rekneskapsfører. Oppdragsutføringa skal då gjennomførast i samsvar med god rekneskapsskikk og bransjestandard. Rekneskapet skal vere sett opp slik at det kan samanliknast med budsjettoverslaget som låg til grunn for tilskotet. Krav om revisorattestert rekneskap gjeld ikkje for tilskotsmottakarar som blir revidert av Riksrevisjonen.

For midlar forvalta av dei nasjonale verkemiddelaktørane delegerar departementet det til verkemiddelaktørane å fastsetje nærare reglar for kontroll og oppfølging av tilskotsforvaltninga, medrekna attestasjon frå revisor. Verkemiddelaktørane skal dokumentere overfor departementet korleis dei følgjer opp kontrollen med tilskotsforvaltninga.

4 Oppfølging og kontroll

Krav til internkontroll

For å sikre korrekt saksbehandling ved tildeling og utbetaling av tilskot, skal dei som forvaltar tilskot ha etablert system, rutinar og tiltak som har til oppgåve å førebyggje, avdekkje og korrigere feil og manglar. Forvaltar skal sikre korrekt saksbehandling og rapportering, kontrollere at misleghald og økonomisk kriminalitet blir førebygd, at tilskotsmidlane kjem føremålet til gode, at måla blir nådde, og at vesentlege avvik frå dette blir førebygde, avdekte og eventuelt korrigerde. Det gjeld hos fylkeskommunane, men òg i dei tilfelle fylkeskommunane delegerar delar av eller heile forvaltninga til andre aktørar. Forvaltar har ansvar for å ha gode internkontrollsystem. Internkontroll er eit formalisert kontrollsystem, der kontrollaktivitetar blir utforma, gjennomført og følgt opp med basis i vurderingar av risiko for styringssvikt, feil og manglar i verksemda sine arbeidsprosessar. Ut frå ei vurdering av det samla risikonivået og kva som er dei vesentligaste risikomomenta, skal den som forvaltar midlane fastsetje kva kontrollpunkt som er mest aktuelle og kven som skal utføre kontrollen.

Årsrapportering til Kommunal- og regionaldepartementet

Fylkeskommunane, Innovasjon Noreg og dei aktørane som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunane, skal kvart år rapportere om bruken av midlane. Fokuset i rapporteringa skal vere på resultat og effektar av verkemiddelbruken. Tidspunkt for rapportering og eventuelle utfyllande rapporteringskrav blir gjorde kjende i dei årlege tilskotsbreva frå Kommunal- og regionaldepartementet.

Kontroll

I samsvar med § 10 i løyvingreglementet og § 12 i Lov om Riksrevisjonen kan departementet og Riksrevisjonen føre kontroll med at midlane er nytta slik det var føresett. Det skal overfor tilskotsmottakaren takast atterhald om at tilskotsforvaltaren har høve til å føre kontroll med at midlane blir nytta etter føresetnadene.

Tilskotsmottakarar skal rapportere i samsvar med dei krava som går fram av tilskotsbrevet med vedlegg.

Som ledd i oppfølginga av tilsegnsmottakarane skal fylkeskommunane og dei aktørane som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunane,

- sjå til at avtalte rapportar faktisk er mottekne og at han inneheld rett informasjon
- gjennomføre tenlege kontrollar av kvaliteten på informasjonen
- gi nødvendig tilbakemelding til tilsegnsmottakarar om rapporteringa
- treffe tiltak dersom kontrollen avdekkjer avvik

Ut frå gjennomgangen av motteken innrapportering skal det vurderast om det er nødvendig med ytterlegare oppfølgings- eller kontrolltiltak, spesielt dersom gjennomgangen avdekkjer moglege avvik. Dette kan til dømes omfatte stikkprøvekontroll for prøving av data som ligg til grunn for utarbeiding av innrapportert informasjon, nærmare rekneskapsgjennomgang eller annan kontroll med at midlane er nytta som føresett, jf. § 10 andre ledd i løyvingreglementet.

Konsekvensar ved feil bruk av midlane

Fylkeskommunane vil bli varsla i eige brev frå departementet, dersom departementet oppdagar eller mistenker feil bruk av midlar. Fylkeskommunane vil få høve til å gi si vurdering av saka før departementet konkluderar. Gjenteken feilbruk vil medføre krav om tilbakebetaling ved ein reduksjon i løyvinga til fylkeskommunane på tilsvarende beløp i det påfølgjande budsjettåret. Fylkeskommunane vil bli varsla om feil bruk av midlane i andre fylkeskommunar slik at dei kan korrigere tilsvarende bruk av midlar.

Dersom departementet eller fylkeskommunane oppdagar feil bruk av midlane hos andre forvaltarar, gjeld det same sanksjonsregimet som over. Fylkeskommunane vil då ha ansvaret for å sanksjonere.

Vilkår og rutinar for handsaming av for mykje utbetalt tilskot

Inndraging av tilskot frå tilskotsmottakar, kan krevjast dersom mottakaren ikkje sender inn rapportar slik føresetnaden er i tilskotsbrevet, gir opplysningar som ikkje er rette, ikkje har nytta tilskotet etter intensjonen, om prosjektet krev mindre kapital enn venta, eller om det er utbetalt for mykje tilskot. Slike krav skal fremjast av tilskotsforvaltar i tilskotsbrevet. Dersom mottakaren ikkje betaler tilbake i slike tilfelle, skal den som har gitt tilskot, vurdere rettslege skritt for å få utbetalt tilgodehavandet.

Dersom EFTAs overvakingsorgan ESA finn at støtte er gitt i strid med regelverket om offentleg støtte i EØS-avtalen, kan ESA påleggje norske styresmakter å krevje at støtta blir betalt tilbake, jf. § 3 i lova av 27. november 1992 om offentleg støtte og § 5 i forskrifta av 4. desember 1992 om offentleg støtte. Dersom den utbetalte støtta skal betalast tilbake etter desse reglane, skal det leggjast til renter og renters rente, som fastsette av ESA, gjeldande frå den dagen støtta er motteken og fram til tidspunktet for tilbakebetaling.

5 Evaluering

Kommunal- og regionaldepartementet vil med visse mellomrom setje i verk evalueringar av virkemiddelbruk over postane 60 og 61 eller fylkeskommunane si forvaltning av desse midla. Fylkeskommunane skal også gjennomføre evalueringar av egne satsingar og program. Evalueringane må tilpassast omfanget av midlar. Løyvinga frå postane 60 og 61 kan nyttast til dette. Evalueringar ligg ikkje innanfor den ytre ramma på 5 pst. som kan nyttast til å dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnadar ved forvaltninga. Departementet skal i samband med årsrapporteringa varslast dersom fylkeskommunane eller andre som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunane, planlegg å gjennomføre evalueringar av verkemidla. Departementet ber vidare om få oversend kopi av evalueringane når dei ligg føre, samt å bli informert om hovudresultat frå evalueringane.

Vedlegg til retningslinjene:

1. Offentleg støtte – støttereclar og støtteintensitetar for støtte til enkeltbedrifter
2. Oppsummering av krava til forvaltninga av tilskotsordningar
3. Soneinndeling

Vedlegg 1

Offentleg støtte – støttereclar og støtteintensitetar for støtte til enkeltbedrifter

Vedlegget er ikkje eit fullstendig samandrag av reglane for offentlig støtte.

Fylkeskommunane og dei som forvaltar midlar på vegne av fylkeskommunane finn fullstendig og oppdatert informasjon på nettsidene til Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet, sjå

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/fad/tema/konkurransepolitikk/regler-om-offentlig-stotte.html?id=592103>

1. Generelt

EØS-avtalen set grenser for kva slags høve norske styresmakter har til å gi støtte til næringsverksemd. All tildeling av offentlig støtte skal vere i samsvar med The EFTA Surveillance Authority's (ESA) State Aid Guidelines, kommisjonsforordningane om gruppeunntak og bagatellmessig støtte. Nedanfor er eit utdrag av reglane for offentlig støtte. For meir informasjon, sjå Fornyings- og administrasjonsdepartementets nettsider om offentlig støtte

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/fad/tema/konkurransepolitikk/Regler-om-offentlig-stotte.html?id=592103>

Særleg aktuelle regelverk for bedriftsstøtte finansiert over Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjett er:

- ESA sine retningslinjer for regionalstøtte
- ESA sine retningslinjer for støtte til Forsking, utvikling og innovasjon
- EU sine gruppeunntak
- EU sin forordning om bagatellmessig støtte

2. Det distriktspolitiske virkeområdet for regionale utviklingsmidlar

Av Forskrift om geografisk verkeområde og bruk av dei regional- og distriktspolitiske verkemidla (15. desember 2006) (vedlegg 1) går det fram kva for kommunar som utgjer det distriktspolitiske verkeområdet for regionale utviklingsmidlar. For ei oversikt over kva for sone dei ulike kommunane er plasserte i, sjå vedlegg 3.

3. Samla støtte - kumulasjonsreglar

Når eit prosjekt blir tildelt offentlig støtte frå meir enn ei kjelde, må støtta frå dei ulike kjeldene leggjast saman (kumulert) slik at ein ikkje kjem over den høgaste tillatne støttegrensa (inkludert bagatellstøtte). Ein søker er difor pliktig til å opplyse om anna støtte som blir gitt til det same kostnadsgrunnlaget. Dersom ny støtte skal tildelast som bagatellmessig støtte, må føretaket opplyse om kor mykje samla bagatellmessig støtte føretaket har fått dei siste tre åra. Samla offentlig støtte får ein ved å summere tilskot og eventuelle støtteelement i lån, garantiar og andre støtteformer. Kumulasjonsreglane er det

gjort greie for i kapittel 13 i ESAs retningslinjer for offentlig støtte. Dei gjeld med mindre det er spesifikke reglar for kumulering i dei ulike kapitla i ESAs retningslinjer for offentlig støtte.

4. Definisjonar

Brutto tilskotsekvivalent

Brutto tilskotsekvivalent (BTE) er eit mål på samla offentlig støtte til prosjektet eller bedrifta, målt i prosent av standard kostnadsgrunnlag. Standard kostnadsgrunnlag er summen av kostnadene som kan inngå i utrekningsgrunnlaget for støtte til dei ulike formåla. Dei maksimale støttesatsane som det er referert til i dette vedlegget, relaterer seg til BTE.

Små og mellomstore bedrifter (SMB)

Små og mellomstore bedrifter (SMB) er definerte som bedrifter som

A) har mindre enn 250 tilsette/årsverk, og

B) enten har

- ei årleg omsetning som ikkje overstig 50 millionar euro, eller
- ein balanse som ikkje overstig 43 millionar euro, og

C) er i samsvar med kravet om å vere uavhengig. Eit uavhengig selskap er eit selskap der mindre enn 25 prosent av kapitalen eller røysterettane er ått av eit selskap, eller fleire selskap i samarbeid. Desse grensene kan overskridast mellom anna dersom eit offentlig investeringsselskap, eit ventureselskap eller ein institusjonell investor eig bedrifta, under føresetnad av at dei ikkje har kontroll enkeltvis eller samla.

Sjølvestyrande lokale styresmakter med eit årleg budsjett på mindre enn 10 millionar euro og mindre enn 5000 innbyggjarar kjem også inn under dette unntaket.

Små bedrifter

Små bedrifter er definerte som:

A) Har mindre enn 50 tilsette

B) Enten har:

- ei årleg omsetning på mindre enn 10 millionar euro, eller
- ein balanse på som ikkje overstig 10 millionar euro

C) som over

Sjå elles definisjon av SMB og små bedrifter i vedlegget til kommisjonsforordning 364/2004; jf. <http://odin.dep.no/fad/norsk/tema/Konkurransopolitikk/stotte/071061-230017/dok-bn.html>

5. Støtte til investeringar

Det kan bli gitt investeringsstøtte til fysiske investeringar i samband med

- etablering av ny verksemd,
- utviding av eksisterande verksemd, eller
- investeringar som fører til utvikling av nye produkt eller til ei vesentleg endring i produktet eller produksjonsprosessen til ei eksisterande bedrift.

Ein kan støtte investeringar i eigedom, bygningar og anlegg/maskinar. Ein kan og støtte kjøp av informasjon og rettar som nokon har eigedomsretten til (kjøp av datasystem, programvare, intellektuelle eigedomslisensar og teknisk knowhow).

Maksimale kumulative støtteintensitetar for investeringsstøtte gjeldande frå 2007 (BTE)⁷			
Type bedrift/Sone	Store	Mellomstore	Små
IV	15	25	35
III	10	20	30

Sjå elles kap 25.B.4.2.1 i ESA sine retningslinjer for offentlig støtte.

Dersom ein gjenstand som er teken med i tilskotsgrunnlaget, blir seld eller nytta til anna formål enn føresett i løpet av fem år frå utbetalinga av tilskotet, kan tilskotet krevjast heilt eller delvis betalt tilbake eller omgjort til ordinært pantelån. Det same gjeld når gjenstanden blir flytt til eit lågare prioritert område eller ut av verkeområdet for dei distriktpolitiske verkemidla. Innovasjon Noreg kan etter ei konkret vurdering fastsetje ei kortare bindingstid for visse typar investeringar, mellom anna maskinar eller utstyr som i løpet av fem år er utdatert. Ved vurdering av om det skal reisast krav om tilbakebetaling, bør ein mellom anna leggje vekt på kor lang tid det har gått frå utbetalinga til bruksendringa eller salet skjer, kva gjenstanden skal nyttast til, og om ein får gevinst ved salet. Sjå elles kap. 25.B.4.1.1.32 i ESA sine retningslinjer for offentlig støtte.

Ein kan gje støtte til investeringar etter gruppeunntak for regional investeringsstøtte dersom føresetnadene i dette regelverket er oppfylte. Dersom aktuell støtte oppfyller dei vilkåra som er sette, er støtta lovleg utan førehandsgodkjenning frå ESA. Tiltaka må likevel meldast til Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Gruppeunntaket for regional investeringsstøtte tillet også ad hoc-støtte (støtte som ikkje er ein del av ei ordning) i samband med støtte frå ei transparent ordning for regional investeringsstøtte og ikkje utgjer meir enn 50 prosent av støtta til prosjektet.

Distriktsretta risikolån skal praktiserast i samsvar med notifisert ordning.

6 Støtte til små nyetablerte verksemdar

⁷ For støtte til skipsverft er maksimal støtteintensitet 12,5 prosent.

Støtte til små nyetablerte verksemdar kan ein gi for å stimulere til auka entreprenørskap innanfor det distriktspolitiske virkeområdet. Støtta er strengt avgrensa til små verksemdar, jf. EUs definisjon. Sjå punkt 4 for definisjon og omtale av små verksemdar. Støtte til dette formålet må notifiserast til og godkjennast av ESA.

Støtta kan ikkje overstige 1 mill. euro per verksemd. Årleg støtte kan ikkje overstige 33 prosent av 1 mill. euro.

Støtta kan dekkje utgifter til tenester av juridisk, rådgivande og administrativ karakter knytte til opprettinga av verksemda. I tillegg kan støtte bli gitt til følgjande kostnader, såframt dei er oppstått dei første fem åra etter at verksemda vart oppretta:

- renter på ekstern finansiering og/eller eksternt lån og avkastning på eigenkapital innanfor referanserenta
- utgifter til leige av produksjonsutstyr og lokale
- energi, vatn, oppvarming, skattar/avgifter (med unntak for mva. og selskapsskatt) og administrative gebyr
- Avskriving, utgifter til leige av produksjonsutstyr/lokale og til lønnskostnader inkludert sosiale utgifter kan også støttast såframt den underliggjande investeringa eller jobbskapinga og rekrutteringstiltaket ikkje har vorte støtta tidlegare.

Kostnader knytte til utgifter til miljøskattar kan ikkje vere grunnlag for støtte.

Støtta kan ikkje overstige 30 prosent av kostnader det er gitt rett til i dei første tre åra etter at verksemda vart oppretta, og 20 prosent i dei neste to åra.

Verksemdar der éin eller fleire eigarar eig minst ein tredjedel av kapitalen og i tillegg er majoritetseigarar i eit anna selskap som i dei siste tolv månadane er lagt ned eller ikkje har vore operativt, kan ikkje få støtte. Verksemdar som søker støtte, må leggje ved relevant dokumentasjon knytt til dette.

Støtta kan ikkje kombinerast med anna offentleg støtte inkludert bagatellstøtte for å gå utover dei tillatne grensene for støtte.

Støtte som er gitt på grunnlag av feil informasjon frå søkeren, må tilbakebetalast.

Verksemdar som får slik støtte, kan òg få regional investeringsstøtte.

7. Støtte til SMB - konsulenthjelp og kunnskapsformidling ("mjuk støtte")

Vi viser til definisjonen og omtalen av SMB under punkt 4. Kommisjonsforordningane om SMB gjeld forutan støtte til konsulenthjelp og kunnskapsformidling ("mjuk støtte") også støtte til fysiske investeringar og FoU.

Støtte til konsulenthjelp og kunnskapsformidling kan ein berre gi til små og mellomstore bedrifter (SMB). Den maksimale støttesatsen er 50 prosent av kostnader som gir rett til støtte, det vil seie kostnader som er direkte relaterte til konsulenthjelp og kunnskapsformidling innanfor økonomi og leiing, implementering av ny teknologi, vern av immaterielle eigneluter og evaluering av nye forretningsområde. Tiltaka må tilfredsstille eit eingongsbehov for oppdatering av kunnskap. Det er ikkje høve til å støtte aktivitetar som er kontinuerlege eller periodiske, og som er med på å dekkje dei ordinære driftskostnadene til bedrifta (lovpålagd kontroll, lovpålagde oppfølgingstenester, vanleg skatterådgiving, ordinær juridisk hjelp, annonsering osv). Kostnader i samband med etablering av samarbeid og nettverk mellom SMB kan støttast, men ikkje rutineoppgåver som til dømes distribusjon eller marknadsføring som samarbeidet og nettverket gjer for bedrifta.

Støtte til konsulenthjelp og nettverk/samarbeidstiltak (BTE)		
Geografi	SMB	Store bedrifter
Heile landet	50	0

Reglane for støtte til SMB er landsdekkande.

Sjå elles kommisjonsforordning 70/2001 og 364/2004 for SMB:

<http://odin.dep.no/fad/norsk/tema/Konkurransopolitikk/stotte/071061-230017/dok-bn.html>.

Støtte til SMB kan bli gitt etter gruppeunntak dersom føresetnadene i dette regelverket er oppfylde. Dersom aktuell støtte oppfyller dei vilkåra som er sette, er støtta lovleg utan førehandsgodkjenning frå ESA. Tiltaka må likevel meldast til Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

8. Støtte til opplæring

Tilskot til opplæring kan nyttast til å dekkje utgifter til opplæringstiltak i bedrifta når tiltaket gjer at bedrifta kan setje i gang med opplæringstiltak ho elles ikkje kunne ha greidd. Støtta kan gå til interne kostnader. Ein kan ikkje gi støtte til opplæringstiltak som har preg av å vere driftsstøtte, til dømes utgifter til å dekkje introduksjonskurs for nytilsette og opplæringsutgifter i samband med at bedrifta gjennomfører lovpålagde endringar.

Maksimal støtteintensitet er avhengig av om opplæringa er definert som spesifikk opplæring eller generell opplæring. Med støtte til *generell opplæring* meiner ein støtte til praktisk eller teoretisk opplæring som ikkje berre, eller i hovudsak, kan knytast direkte til den noverande eller den framtidige jobben til den tilsette i bedrifta. Opplæringa har å gjere med den generelle aktiviteten i bedrifta og gir kvalifikasjonar som for ein stor del kan overførast til andre bedrifter eller andre arbeidsområde. Med støtte til *spesifikk opplæring* meiner ein støtte til opplæring som berre er relevant for den noverande eller den framtidige jobben til arbeidstakaren i bedrifta. Høvet til å overføre nytten av denne kunnskapen til andre bedrifter eller arbeidsområde er svært avgrensa. Tabellen nedanfor viser dei maksimale kumulative støttesatsane (BTE) som gjeld.

Støtte til opplæring (BTE)		
Type opplæring	SMB	Store bedrifter
Spesifikk opplæring	35	25
Generell opplæring	70	50

Det kan bli gitt regionale bonusar på 5 prosent på satsane over for tiltak innanfor sone III og IV i det distriktspolitiske virkeområdet.

Desse kostnadene gir rett til støtte:

1. Kostnader til kursleiarar, eventuelt honorar til ekstern kursleiar
2. Reiseutgifter for kursleiarar og kursdeltakarar
3. Andre vanlege utgifter i samband med opplæring, til dømes materiell og utstyr
4. Verdireduksjon av utstyr i den grad det blir brukt utelukkande til det aktuelle opplæringsprosjektet
5. Utgifter til konsulenttenester og rådgiving i samband med opplæringsprosjektet
6. Personalkostnader for kursdeltakarar opp til den totale summen av dei andre utgiftene som gir rett til støtte, jamfør punkta 1 til 5 ovanfor. Støtte til personalkostnader for kursdeltakarane må avgrensast til den tida som faktisk er nytta til opplæring. Dette inneber at eventuell tid som er brukt til ordinære produksjonsaktivitetar i samband med opplæringa, må trekkjast frå når ein skal rekne ut samla tid som gir rett til støtte. Utgiftene må dokumenterast på ein slik måte at dei kostnadene som gir rett til støtte, kjem tydeleg fram.

Opplæringsstøtte skal ikkje kumulerast med anna støtte.

Støtte til opplæring kan giast etter gruppeunntak dersom føresetnadene i dette regelverket er oppfylt. Dersom aktuell støtte oppfyller dei vilkåra som er sette, er støtta lovleg utan førehandsgodkjenning frå ESA. Tiltaka må likevel meldast til Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Sjå elles kommisjonsforordning 68/2001 og kommisjonsforordning 363/2004 om gruppeunntak for opplæringsstøtte:
<http://odin.dep.no/fad/norsk/tema/Konkurransepolitikk/stotte/071061-230017/dok-bn.html>

9. Støtte til forskning, utvikling og innovasjon utvikling (FoUoI)

9.1 Forskings- og utviklingsprosjekt

Støtte med formål å auke FoU-innsats i bedrifter ved å hjelpe dei til å utvikle innovative produkt, prosessar og tenester som vil styrke konkurranseevna og konkurransekrafta deira i stadig meir internasjonale marknader.

Aktivitetar som kan støttast

Berre prosjekt som faller inn under definisjonen av industriell forskning⁸ eller eksperimentell utvikling⁹ i høve til ESAs retningslinjer for støtte til FoUoI, kan støttast.

Kostnader som kan støttast

Berre kostnader direkte relatert til industriell forskning eller eksperimentell utvikling vil kunne støttast. Dette gjelder følgjande kostnader:

- Personellkostnader som lønn og sosiale kostnader til forskarar, teknikarar og annan stab i den grad de er tilsett i forskingsprosjektet.
- Utgifter til instrumenter og utstyr i den grad og i den periode dette er nytta til forskingsprosjektet. Om slike instrumenter og utstyr ikkje er nytta til det aktuelle forskingsprosjektet i hele instrumentets eller utstyrets levetid vil berre nedskrivingskostnadene, kalkulert etter god rekneskapspraksis kunne støttast.
- Utgifter til bygning og eigedom i den grad og i det tidsrom dette er nytta til forskings- og utviklingsprosjektet. For bygningar vil berre nedskrivingskostnader, kalkulert etter god revisjonspraksis kunne støttast. For eigedom vil transaksjonskostnader eller faktisk inntrufne kapitalutgifter kunne støttast.
- Utgifter til kjøp på marknadsmessige vilkår av kontraktsutsett forskning, teknisk kunnskap og innkjøpte eller lisensierte patenter frå eksterne miljø til marknadsspris, der transaksjonen er utført på ein transparent måte. I tillegg kan kostnader til konsulentar og liknande tenester støttes når disse berre er nytta til forskingsaktiviteten.
- Ytterligare faste kostnader som følgjer direkte av forskingsprosjektet.
- Andre driftsutgifter, inkludert kostnader til material og liknande produkt som oppstår i direkte tilknytning til forskingsaktiviteten.

⁸ Se pkt. 2.6

⁹ Se pkt. 2.6

Retningslinjer kap. 551, post 60 og post 61

Støtteintensitet

Maksimal støtteintensitet er følgjande, angitt i prosent:

	Små bedrifter	Mellomstore bedrifter	Store bedrifter
Industriell forskning	70	60	50
Eksperimentell utvikling	45	35	25

Bonusar

Maksimal støtteintensitet kan aukast med inntil 15 prosent opp til ein støtteintensitet på 80 prosent, viss:

- (i) prosjektet involverer reelt samarbeid mellom minst to verksemdar som er uavhengige av kvarandre og følgjande vilkår er oppfylte:
 - a. ingen av verksemdene ber meir enn 70 prosent av dei stønadskvalifiserte kostnadene ved samarbeidsprosjektet
 - b. prosjektet involverer samarbeid med minst eit SMB eller er grenseoverskridande (FoU-aktivitetane blir utført i minst to EØS-land).
- (ii) prosjektet involverer reelt samarbeid mellom ei verksemd og ein forskingsorganisasjon og følgjande vilkår er oppfylt
 - a. forskingsorganisasjonen ber minst 10 prosent av dei stønadskvalifiserte kostnadene
 - b. forskingsorganisasjonen har rett til å publisere resultata frå forskingsprosjektet så lenge desse kjem frå forskning utført av den aktuelle organisasjonen
- (iii) for industriell forskning kan bonus leggjast til dersom resultata av prosjektet er breitt formidla gjennom tekniske og vitenskaplege seminar, publisert i tekniske eller vitenskaplege tidsskrifter eller i allment tilgjengelege databasar/programvare som er gratis eller basert på open kjeldekode

For i) og ii) blir ikkje underleveransar rekna som samarbeid. I det som gjeld samarbeid mellom ei verksemd og ein forskingsorganisasjon, gjeld ikkje støtteintensitetane og bonusane i dette kapittelet for forskingsorganisasjonen.

Søknadshandsaming og seleksjonskriterium

FoU-prosjekta skal vurderast av Innovasjon Noreg på grunnlag av kunden sin forretningsplan og finansiell informasjon.

Kunden må dokumentere eitt av følgjande:

- Auke av FoU-budsjett
- Der det finst ei strategisk omlegging av bedrifta sin FOU-utgifter som inneber ein monaleg risiko ved at bedrifta fokuserer på ein særleg innovativ og utfordrande teknologi som er ny for selskapet, men der dette ikkje nødvendigvis medfør auka utgifter til FoU

Form for stønad

Stønad kan ytast som tilskot, garanti, betinga lån og/eller risikolån.

9.2 Støtte til tekniske forstudiar

Stønad til verksemdar som har til formål å utføre tekniske forstudiar i framkant av iverksetjinga av eit industrielt forskings- eller eksperimentelt utviklingsprosjekt. Dette skal hjelpe til å rette opp marknadsimperfeksjoner knytt til imperfekt og asymmetrisk informasjon. Stønaden skal utløyse nye studiar. Det vil fyrst og fremst vere viktig å støtte prosjekt med høg grad av innovasjon.

Aktivitetar som kan støttast

Det kan berre ytast støtte til tekniske forstudiar. Som tekniske forstudiar blir rekna utgreiingar av moglege tekniske tilnærmingar, kva teknologi som er tilgjengeleg og vurderingar av tvilsmomenta i prosjektplanen.

Kostnadar som kan støttast

Berre kostnadar som er direkte knytte til gjennomføringa av den tekniske forstudien er stønadskvalifiserte:

- Personalkostnadar
- Konsulentutgifter
- Reisegodtgjersle
- Andre variable og faste kostnadar som oppstår direkte i tilknytning til den tekniske forstudien

Støtteintensitet

Maksimal støtteintensitet er som følgjer, angitt i prosent:

	SMB	Store bedrifter
Førebuing til industriell forskning	75	65
Førebuing til eksperimentell forskning	50	40

Søknadshandsaming og seleksjonskriterium

Prosjektet blir vurdert av Innovasjon Noreg på grunnlag av ein omtale av dei teknologiske utfordringane som må avklarast før eit forskingsprosjekt kan gjennomførast.

Form for stønad

Stønden tek form av tilskot.

9.3 Stønad til kostnader til industrielle eigedomsrettar for SMB

Auka innovasjons- og vekstrate gjennom å støtte anskaffing og validering av patent og andre industrielle eigedomsrettar for SMB som har gjennomført FoU-aktivitetar. Verksemdar som kan vise til at produkt/prosessar/tenester er verna vil vere meir interessante for investorar og den tilgjengelege informasjonen om dei i marknaden vil auke.

Aktivitetar som kan støttast

Utgifter til patent og andre industrielle rettार knytte til forskingsstadia industriell forskning og eksperimentell utvikling er stønadskvalifisert. Innovasjon Noreg kan tilby finansiell stønad og rådgiving for SMB i prosessen knytt til registrering av rettार.

Kostnadar som kan støttast

Stønadskvalifiserte kostnadar inkluderer:

- Kostnadar knytte til registreringa av patent/rettar, registrering og handsaming av søknaden samt kostnadar oppstått ved fornying av søknaden før patent/rett har blitt etablert.
- Omsetjing og andre kostnadar oppståtte for å oppnå registrering eller godkjenning av rett/patent i andre jurisdiksjonar.
- Kostnadar oppståtte ved forsvar av gyldigheita til rett/patent under den offisielle handsaminga av søknaden og dei mogelege rettstridar, også når slike kostnadar oppstår etter at patent/rett har blitt etablert

Støtteintensitet

Sjå 9.1 for støtteintensitetar

Støtteform

Stønad tek form av tilskot.

Søknadshandsaming og seleksjonskriterium

Innovasjon Noreg skal vurdere søknader etter følgjande kriterium:

- Produktet/løysinga si unikheit
- Høvet til rettighetsvern
- Påviseleg kommersiell nytte av rettsregistrering
- Verksemda si eigen evne til å dekkje kostnadene.

Dette er ikkje objektive krav, men skjønnskriterium som må vurderast frå prosjektet til prosjekt. Alle krava må ikkje vere oppfylte for at stønad under dette formålet kan ytast.

9.4 Stønad til unge innovative verksemder

Formålet er å auke overlevings- og vekstraten for innovative oppstartsvirksomheter i tidlig fase. Unge innovative virksomheter med stort vekstpotensial går ofte gjennom en lang utviklingsfase før de kan realisere potensialet, og faren for at bedriften ikke lykkes, er stor. Det er følgeleg manglar innanfor det private finansieringstilbodet til desse innovative virksomhetene. For å korrigere denne marknadssvikta som er knytt til ufullstendig og asymmetrisk informasjon, som rammar unge innovative bedrifter spesielt, vil støtte til unge innovative bedrifter vere eit nyttig verkty.

Stønadskvalifiserte virksomder

Virksomder som møter følgjande kriterium:

- Støttemottakar må vere ei lita bedrift som har eksistert i mindre enn seks år på støttetidspunktet

og

- Ein ekstern ekspert må etter ei vurdering kunne verifisere overfor Innovasjon Noreg at støttemottakar i nær framtid vil utvikle produkt, tenester eller prosessar som teknologisk sett er nye, eller monaleg forbetra i forhold til det nyaste som er tilgjengeleg i marknaden i EØS-området. Den eksterne ekspertten må også påvise at produktene, tenestene eller prosessane har ein risiko for å mislukkast teknologisk og /eller industrielt

eller

- Støttemottakar sin revisorstadfesta rekneskap viser at kostnader til forskning og utvikling utgjer minst 15 prosent av dei totale kostnadene i minst eit av dei tre siste åra før det året stønaden blir tildelt, eller i den noverande rekneskapsperiode for selskap utan finansiell historie.

Kostnader som kan støttast

Kostnader knytte til selskapet si utvikling av produkt, tenester og prosessar som oppfyller krava til innovasjonshøgde.

Støttenivå

Maksimalt støttenivå er som følgjer:

Områder	Små selskap
Alle områder	EUR 1 mill
Det distriktpolitiske virkeområdet iht til artikkel 61 (3) (c) i EØS-avtalen	EUR. 1,25 mill

Støttemottakar kan berre få støtte ein gang i den perioden de kvalifiserer som unge innovative bedrifter. Innovasjon Noreg må kontrollere framdrifta i selskapet for å sjå til at det kvalifiserer som eit ungt innovativt selskap.

Kumulasjon

Støtte kan berre ytast ein gong i den perioden mottakar er kvalifisert som ung innovativ verksemd. Støtte til unge innovative bedrifter må koordinerast med anna støtte for å sjå til at det maksimale støttetaket ikkje overskrides. Støtte til FoUoI kan ikkje kumulerast med bagatellmessig støtte for same støtteberettiga kostnadar for å omgå dei maksimale støtteintensitetane som er gjengitt i FoUoI-retningslinjene. Støtttemottakar kan berre få annen offentleg støtte enn FoUoI-støtte og risikokapitalstøtte først tre år etter at løyvinga som ung innovativ bedrift er gitt. Prosedyrane for kumulasjon må overvakast av Innovasjon Noreg og må vere ein del av kommunikasjonen rundt avgjeringa.

Søknadshandsaming og seleksjonskriterium

Ein ekstern ekspert skal verifisere at krava for stønad i høve til FoUoI-retningslinjene er oppfylt gjennom ei vurdering av forretningsplanen, dersom ikkje vilkåra om verksemda sin del av kostnadene til forskning og utvikling er oppfylt, jf. 3.4.2.

I tillegg skal Innovasjon Noreg leggje generelle seleksjonskriterium til grunn, men spesielt leggje vekt på følgjande kriterium når dei vurderer søknaden:

- Forretningsplan og finansiell informasjon frå søkjaren
- Innovativ og teknologisk karakter av den føreslåtte forretningsplanen
- Stønadens sin addisjonalitet
- Risikograden knytte til den føreslåtte forretningsplanen
- Teknologisk vurdering frå relevante ekspertar

Form for stønad

Stønadens kan ytast som tilskot, garanti og/eller risikolån.

9.5 Stønad til prosess og organisatorisk innovasjon i tenester

Formål

Stønad til prosess og organisatorisk innovasjon i tenester er eit viktig insentiv for å stimulere innovative aktivitetar i næringslivet. Formålet er å gi støtte til selskap som implementerer nye eller monaleg forbetra produksjons- og leveringsmetodar inkluderte signifikante endringar i teknikkar, utstyr og/eller programvare.

Verksemder som kan støttast

Stønad kan ytast til SMB. Store selskap kan få støtte dersom foreslått prosjekt er i samarbeid med SMB og dei samarbeidande SMB ber minst 30 prosent av dei totale stønadskvalifiserte kostnadene.

Aktivitetar som kan støttast

Organisatorisk innovasjon viser til implementering av nye organisatoriske metodar. Desse kan vere endringar i forretningskikk, organiseringa på arbeidsplassen eller i eksterne samband. Prosessinnovasjon representerer endringar i produksjons- og leveringsmetodar

(ref. Oslo Manual 2005). I tenester er forskjellen mellom produkt og prosessar ofte uklar, og produksjon og konsum kan finnast samtidig.

Innovasjon i tenester fell ikkje alltid innanfor forskingskategoriane definerte i del 5.1 av FoUoI-retningslina, men er typisk mindre systematiske og stammar ofte frå samhandling med kundar, etterspørselen i marknaden, tilslutning til forretnings- og organisatoriske modellar og praksis frå meir innovative sektorar eller frå andre tilsvarande kjelder.

Rutineprega eller periodiske forandringar på produkt, produksjonslinjer, produksjonsmetodar, gjeldande tenester og andre løpande aktivitetar, sjølv om desse endringane fører til forbetringar, kvalifiserer ikkje for stønad. Den prosessmessige eller organisatoriske innovasjonen må vere ny eller monaleg forbetra samanlikna med det nyaste som er tilgjengeleg i næringslivet i EØS-området.

Aktivitetane må oppfylle følgjande vilkår for å vere stønadskvalifisert:

- Organisatorisk innovasjon må vere knytt til bruken av Informasjons og kommunikasjonsteknologi (IKT) for å forandre organisasjonen
- Innovasjonen må vere formulert som eit prosjekt med ein identifisert og kvalifisert prosjektleiar, og identifiserte prosjektkostnader
- Resultatet av det støtta prosjektet må vere utvikling av eit nytt standard, av ein forretningsmodell, metodelære av konsept, som systematisk kan reproduserast, kanskje bli sertifisert og patentert
- Prosess og organisatoriske innovasjonen må vere ny eller monaleg forbetra i forhold til det nyaste innanfor næringslivet i EØS-området
- Prosess og organisatoriske innovasjonsprosjektet må medføre ein klar grad av risiko. Risikoen kan for eksempel visast ved prosjektkostnaden sett i forhold til omsetninga til føretaket, tida det har teke å utvikle den nye prosessen, forventa fortjeneste i forhold til prosjektkostnaden og potensialet for å mislukkast.

Kostnader som kan støttast

Sjå punkt 9.1 for kostnader som kan støttast.

For organisatorisk innovasjon er berre kostnader til IKT instrument og utstyr stønadskvalifisert under posten kostnader til instrument og utstyr.

Støtteintensitet:

Maksimal støtteintensitet er, angitt i prosent:

	Små	Mellomstore	Store*
Hele landet	35	25	15

Søknadshandsaming og seleksjonskriterium

Prosjektet blir vurdert av Innovasjon Noreg på grunnlag av ei skildring av dei stønadskvalifiserte aktivitetane. I tillegg skal følgjande vurderast:

- Forretningsplan og finansiell informasjon frå søkeren
- Innovativ og teknologisk karakter av den føreslåtte forretningsplanen
- Stønadens sin addisjonaltet
- Risikograden knytt til den føreslåtte forretningsplanen

Form for stønad

Stønad kan ystast som tilskot, garanti, betinga lån og/eller risikolån.

9.6 Stønad til tenester for innovasjonsrådgjeving og støttetjenester for innovasjon

Stimulere innovasjon i SMB ved å forenkle tilgangen til tenester innan innovasjonsrådgjeving eller innovasjonsstønad levert av relevante tilbydarar.

Verksemder som kan støttast

Støttemottakarar må vera SMB

Kostnader og aktivitetar som kan støttast

For tenester innan innovasjonsrådgjeving:

- Bedriftsøkonomiske konsulenttenester
- Teknologisk assistanse
- Tenester innan overføring av teknologi
- Opplæring
- Konsulenttenester for å kjøpe, verne og drive handel med immaterielle rettar og for lisensavtalar
- Konsulenttenester i samanheng med bruken av standard.

For støttetjenester for innovasjon:

- Kontorlokale
- Databasar
- Teknisk bibliotek
- Marknadsundersøking
- Bruk av laboratorium
- Kvalitetsmerking
- Testing og sertifisering

Støtteintensitet

Selskapet må bruke statsstønad til å kjøpe tenester til marknadspris (eller dersom tenestetilbydaren er ei verksemd som ikkje arbeider for økonomisk vinning, til ein pris som reflekterer full kostnad i tillegg til ein rimeleg margin).

Maksimalt kan det ystast 75 prosent av stønadskvalifiserte kostnader, avgrensa oppetter til EUR 200 000 per selskap innanfor ein periode på tre år. Gitt nasjonal eller europeisk sertifisering av tenestetilbydaren kan opp til 100 prosent av stønadskvalifiserte kostnader dekkjast, framleis avgrensa oppetter til EUR 200 000.

Søknadshandsaming og seleksjonskriterium

Godkjenning av stønad vil verar basert på ei vurdering av den relevante informasjonen skaffa av verksemda:

- Den forventta nytten/bidraget av den føreslåtte aktiviteten
- Den innovative og teknologiske karakteren av det føreslåtte prosjektet
- Stønaden sin addisjonaltet

Form for stønad

Stønaden kan ystast som tilskot, garanti og/eller risikolån.

9.7 Stønad til lån av høgt kvalifisert personell

Setje SMB i stand til å låne høgt kvalifisert personell frå forskingsorganisasjonar eller store selskap for å utføre FoUoI-aktivitetar.

Aktivitetar som kan støttast

Lån av høgt kvalifisert personell frå forskingsorganisasjonar eller store selskap. Med lånt personell forstår ein mellombels tilsetjing av ein person i søkjarbedrifta for ein periode, og der personen kan returnere til sin arbeidsgjevar etter den mellombels tilsetjinga.

Det lånte personalet må ha vore tilsett i minst to år i forskingsorganisasjonen eller i det store selskapet som låner ut personen.

Stønad kan ikkje brukast til å dekkje konsulenttenester.

Kostnadar som kan støttast

- Stønadskvalifiserte kostnadar inkluderer:
- Personal- og tilsetjingskostnadar
- Reise-, flytte- og pendlekostnader
- Kostnader til rekrutteringsfirma

Støtteintensitet

Den maksimale støtteintensiteten er 50 prosent av dei stønadskvalifiserte kostnadene for ein periode på maksimum tre år per bedrift per tilsett lånt.

Støtteform

Støtten kan berre ystast i form av tilskot.

Søknadshandsaming og seleksjonskriterium

Godkjenning av søknaden vil basere seg på følgjande:

- Forretningsplanen til selskapet
- Den forventede nytten/bidraget frå den lånte personen
- Den innovative og teknologiske karakteren av FOUOI-aktivitetane den lånte personen vil arbeide med
- Teknologisk assistanse frå relevante ekspertar

Støttemottakaren må presentere ein plan for korleis det lånte personalet skal brukast for å nå strategiske mål og dokumentere at krava er oppfylte i samsvar med retningslinjene for FoUOI. SMB må føreleggje ein forretningsplan som skildrar det føreslåtte FoUOI-prosjektet og ei grunngeving for behovet og nytten av det lånte personalet. Planen må identifisere ei nyleg oppretta stilling i SMB og eit ansvar for at det lånte personalet vil arbeide på heiltid med FoUOI aktivitetar og ikkje vil fungere som erstatning for gjeldande arbeidskraft.

9.8 Stønad til innovative klyngjar - investeringsstønad

Formålet er å hjelpe til å styrkje prosessar som forenkler innovasjon og som ikkje blir realisert fullt ut med klyngja sin eigne midlar.

Verksemder som kan støttast

Administratoren av den regionale klyngja må vere eit eige rettssubjekt. Klyngja må ha eit sterkt langsiktige vekstpotensial og klare ambisjonar for eit langsiktig forpliktande samarbeid om innovasjon og internasjonaliseringsaktivitetar.

Følgjande fasilitetar kan støttast:

- Fasilitetar for opplæring og forskningssentra
- Ope tilgjengeleg forskingsinfrastruktur: laboratoria, testfasilitetar etc.
- Breibandsnett/-infrastruktur

Tilgang til lokala, fasilitetane og aktivitetane til klyngja skal ikkje vere avgrensa. Avgifter som blir kravde for å bruke fasilitetane og for å delta i aktivitetane til klyngja, skal reflektere kostnadene.

Kostnadar som kan støttast

Kostnader relaterte til investeringar i:

- Tomt
- Bygningar
- Maskiner
- Utstyr

Støtteintensitet, angitt i prosent.

	Små selskap	Mellomstore selskap	Store selskap
Investeringsstøtte	35	25	15

Støtteform

Støtten gis i form av tilskudd, lån og garantier.

Søknadshandsaming og seleksjonskriterium

Innovasjon Noreg skal leggje følgjande kriterium til grunn:

- Ressursfundamentet til klyngja
- Partar som forpliktar seg til å samarbeide
- Internasjonalt fokus og marknadspotensial/marknadsdel
- Vidare utvikling av klyngja
- Innovasjonshøgde

Vurderinga skal innehalde ein analyse av teknologisk spesialisering av innovasjonsklyngje, noverande regionalt potensial, gjeldande forskingskapasitet og nærvær av klyngjer i EØS-området med liknande formål og potensielt marknadsvolum i forhold til klyngja som blir vurdert.

9.9 Stønad til innovative klyngjar - driftsstønad

Formålet er å hjelpe til å styrkje prosessar som forenkler innovasjon og som ikkje blir realisert fullt ut med klyngja sin egne midlar.

Selskap som kan støttast

Driftsstøtte til klyngeaktivitetar kan ytast til rettssubjekt som driv innovasjonsklynga. Klyngja må ha eit sterkt langsiktige vekstpotensial og klare ambisjonar for eit langsiktig forpliktande samarbeid om innovasjon og internasjonaliseringsaktivitetar.

Aktivitetar som kan støttast

- Prosesshandtering
- Nettverksaktivitetar
- Forenkle analytiske og strategiske prosessar
- Idé og produktutvikling
- Kommunikasjon

Kostnader som kan støttast

Følgjande kostnader til personell og administrasjon tilknytt drift av klyngja er støttekvalifiserte:

- Marknadsføring for å rekruttere nye selskap til klyngja
- Drift av klyngja sine ope tilgjengelege fasilitetar
- Organisering av opplæringsprogram
- Workshops og konferansar for å støtte kunnskapsdeling og nettverksaktivitetar mellom medlemene av klyngja

Søknadshandsaming og seleksjonskriterium

Innovasjon Noreg skal leggje følgjande kriterium til grunn:

- Ressursfundamentet til klyngja
- Partar som forpliktar seg til å samarbeide
- Internasjonalt fokus og marknadspotensial/marknadsdel
- Vidare utvikling av klyngja
- Innovasjonshøgde

Vurderinga skal innehalde ein analyse av teknologisk spesialisering av innovasjonsklyngje, gjeldande regional potensial, gjeldande forskingskapasitet og nærvær av klyngjer i EØS-området med liknande formål og potensielt marknadsvolum i forhold til klyngja som blir vurdert.

Støtteintensitet, angitt i prosent.

	Små selskap	Mellomstore selskap	Store selskap
Driftsstøtte	50		

Støtten kan ystast for ein periode på maksimalt 5 år. I særlege tilfelle og i høve til notifisering til overvåkingsorganet til EFTA kan støtta ystast for ein periode på inntil 10 år.

10. Bagatellstøtte (de minimis)

I følgje forordninga for bagatellstøtte kan ei bedrift få inntil 200 000 euro i bagatellstøtte over ein rullerande treårsperiode.

Transportsektoren, med unnatak av innkjøp av vegfraktkjøretøy for verksemder som driv vegfrakt, kan få bagatellstøtte. Det kan bli gitt opp til 100 000 euro til vegtransportsektoren. Resten av transportsektoren kan ta imot opptil 200 000 euro.

Bagatellstøtte kan ikkje giss til verksemder i vanskar, jf. ESAs retningslinjer for offentleg støtte.

Bagatellstøtte skal avgrensast til transparente former for støtte. Det betyr at støtte berre kan tildelast som bagatellstøtte når det er mogleg å rekne ut nøyaktig støtteelement (brutto tilskuddsekvivalent) i forkant av tildeling og utan at det er nødvendig å gjøre ei

risikovurdering. Dette inneber ei innskrenking i forhold til dagens regler som opnar for bagatellstøtte så lenge beløpet er under 100 000 euro over ein treårsperiode. Forordninga nemner lån, kapitaltilførsler, risikokapital og garanti som transparent støtte. Ein terskelverdi for garantiar blir innført; dersom det underliggjande lånet ikkje overstiger 1,5 millionar euro og garantien ikkje overstig 80 prosent av lånet kan støtta bli betrakta som transparent. Verksemdar i vegtransportsektoren som ikkje er i vanskar kan få støtte under ei garantiordning såframt det underliggjande lånet ikkje overstig 750 000 euro.

Formelle prosedyrar må følgjast i forkant av tildeling av bagatellstøtte. Støtteytar er pålagt å skriftleg informere støttemottakar eksplisitt om kva for støtte som blir ytt, og kva for vilkår som gjeld for støtta. Denne informasjonen skal innehalde detaljerte referansar til forordninga. Støtteytar må òg få skriftleg stadfesting frå støttemottakar om ev. anna bagatellstøtte det gjeldande føretaket har motteke i de tre siste budsjettåra, inkludert det budsjettåret den bagatellmessige støtta blir tildelt i.

Bagatellstøtte kan i utgangspunktet ikkje kumulerast med anna offentleg støtte. Kumulasjon er likevel tillate såframt støtta ikkje overstig dei maksimale grensene for støtte i ei notifisert ordning eller i gruppeunntaka.

Bagatellstøtte	
Heile landet	Inntil 100 pst. støtte

11. Særleg om støtte til «sensitive sektorar»

Støtte til føretak som kjem inn under særskilt sektorregelverk (det vil seie omstilling, skipsbyggingsindustri, stålindustri, syntetisk fiberindustri, motorvognindustri og offentleg kringkasting), kan ein berre gi i medhald av det aktuelle sektorregelverket. Vidare har EØS-avtalen eit særskilt regelverk for støtte til transportsektoren. Sektorregelverka krev ofte at støtte til prosjekt av ein viss storleik må godkjennast av ESA. For nærare reglar, sjå ESA sine retningslinjer; <http://www.eftasurv.int/state-aid/legal-framework/state-aid-guidelines/>

12. Støtte til skipsbygging

Det gjeld egne reglar for støtte til skipsbygging. Vi viser til *Forskrift om gjennomføring av EØS-avtalens bestemmelser om offentlig støtte til skipsbyggingsindustrien*, 19. mars 1999 nr. 246. Forskrifta inneber ei gjennomføring av rådsforordning 1540/98 om støtte til skipsbyggingsindustrien. Støtte til denne industrien krev som hovudregel notifisering av enkelttildelingar. Vi viser også til kapittel 24.B i ESA sine retningslinjer, <http://www.eftasurv.int/?1=1&showLinkID=15134&1=1>

Nokre regelverk og gruppeunntak har egne reglar for støtte til skipsbygging, sjå difor dei enkelte regelverk.

13. Transportstøtte

Reglane for transportstøtte er heimla i retningslinjene for regionalstøtte. Transportstøtta sitt siktemål er å redusere ulemper for konkurranse som følgjer av lange transportavstandar, vanskelege transportforhold og spreidd busetjing for bedrifter som ligg perifert i forhold til meir sentrale område i Noreg.

Frå 1. januar 2007 er det opna for at fylkeskommunane kan ta i bruk ei regional transportstøtteordning. Ordninga gjeld frå 2007 til 2013 og skal finansierast og forvalta av kvar enkelt fylkeskommune. Det er fylkeskommunane sjølv som avgjer om dei ønskjer å prioritere midlar til transportstøtte. I tillegg til dei tre nordlegaste fylkeskommunane inkluderer ordninga kommunar i Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Buskerud.

Dei nasjonale retningslinjene utgjer eit ytre rammeverk for ordninga. Fylkeskommunane må utarbeide eigne forskrifter/retningslinjer innafor desse nasjonale retningslinjene. Det er særleg viktig å sikre at ingen bedrifter blir overkompenserte.

Kommunal- og regionaldepartementet er ansvarleg for rapportering av alle midlar under ordninga til EFTA sitt overvakingsorgan, ESA. Fylkeskommunen skal difor årleg rapportere om bruken av midlar til transportstøtte til Kommunal- og regionaldepartementet.

For meir informasjon, sjå

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/tema/andre/virkeomrader-retningslinjer-og-regler/transportstotteordningen.html?id=527177>

Vedlegg 2

Oppsummering av krava til forvaltninga av tilskotsordningar

Krav til informasjon og kunngjering

For å sikre lik handsaming skal forvaltar kunngjera støtteordningane, slik at ein kan nå alle potensielle søkjarar innanfor målgruppa. Kunngjeringa skal innehalde

- formål med ordninga
- målgruppe for tilskotsordninga
- kriterium for måloppnåing
- kriterium for tildeling
- krav til rapportering
- informasjon om maksimal støtte/støttesats
- informasjon om kva form søknaden skal ha
- informasjon om kva opplysningar søknaden skal innehalde
- søknadsfrist

Krav til innhaldet i og forma på søknaden og saksbehandling

Søknadene skal vere skriftlege og skal mellom anna innehalde

- presise og realistiske mål som kan etterprovast
- realistisk prosjektplan med milestolpar og aktivitets- og resultatutgreiingar
- kostnadsoverslag og finansieringsplan med marginar for moglege usikre moment
- oversikt over motteke bagatellmessig støtte siste tre år, dersom relevant.

Utover dette avgjer forvaltar krav til innhald i og form på søknadene. Dersom søkjaren ønskjer å gjere vesentlege endringar i dei opphavlege planane, må endringane godkjennast av forvaltar før dei blir sette i verk. Forvaltar må vurdere om dei fattar enkeltvedtak og følgje forvaltningslova sine krav om høve til å klage. Dei fleste tilskotstildelingane vil vere einskildvedtak. Tilskotsforvaltaren skal uansett gi skriftleg melding om avslag på søknader.

Krav til innhaldet i tilskotsbrevet

Når ein søknad er innvilga, skal det stadfestast med tilskotsbrev. Nedanfor følgjer krav til innhaldet i eit slikt tilskotsbrev. Forvaltar kan tilpasse dette til eigne system og kontrollrutinar så langt det er i høve til Bestemmelser om økonomistyring i staten kap. 6.3.3.

- Namn og adresse til mottakaren
- Storleiken på tilskotet
- Formål og kva slags tiltak midlane kan nyttast til
- Kostnadsoverslag som er lagt til grunn for tilsegna
- Krav om at prosjektet skal vere fullfinansiert før det blir sett i gang

- Eventuelle vilkår knytte til bruken av midlane Tilskotsmottakar skal skriftleg akseptere at tilskotet vert motteke med dei vilkåra som er gitt innan ein rimeleg fastsett frist dersom tilskotet er over 100 000 kr.
- Tidsfrist for bortfall av tilsegn.
- Utbetalingstidspunkt, utbetalingsrutinar og handsaming av eventuelt for mykje utbetalt tilskot
- Krav til rapportering
- Krav til rekneskap, revisorattestasjon, oppbevaring av rekneskapsdata og dokumentasjon av faktiske opplysningar som ligg til grunn for søknaden eller utrekninga av tilskotet
- Opplysningar om moglege kontrolltiltak og moglege reaksjonsformer dersom mottakaren ikkje opptre i samsvar med skriftlege føresetnader, til dømes tilbakebetalingar av tilskot
- Dersom tilskot blir gitt som bagatellstøtte, skal ein opplyse om dette.
- Dersom tilskot er skattepliktig, skal ein opplyse om det.
- I tilskotsbrevet skal det verte orientert om at det i medhald til § 10 i løyvingreglementet og § 12 i lov om Riksrevisjonen vert teke atterhald om tilgjenge for Kommunal- og regionaldepartementet og Riksrevisjonen til å setje i verk kontroll med at midlane vert nytta som føresett.
- Ved enkeltvedtak skal ein opplyse om høve til å klage.

For nærmare informasjon om tilskotsforvaltning i staten sjå:

- Finansdepartementet: "Reglementet for økonomistyring i staten og Bestemmelser om økonomistyring i staten", sist endra 2010.
http://www.regjeringen.no/Upload/FIN/Vedlegg/okstyring/Reglement_for_ekonomistyring_i_staten.pdf
- Finansdepartementet: Rettleiar "Om etablering og forvaltning av tilskuddsordninger i staten", frå 2004.
http://www.regjeringen.no/upload/FIN/Vedlegg/okstyring/Veileder_etablering_og_forvaltning_av_tilskuddsordninger.pdf
- Senter for statlig økonomistyring: "Sjekkliste for utvalgte prosesser i tilskuddsforvaltning", frå 2010.
http://www.sfso.no/upload/forvaltning_og_analyse/Publikasjoner%20og%20rapporter/Sjekkliste_tilskuddsforvaltning_nettersjon.pdf
- Senter for statlig økonomistyring: "Evaluering av statlige tilskuddsordninger", frå 2007.
http://www.sfso.no/upload/forvaltning_og_analyse/Publikasjoner%20og%20rapporter/Evalueringavstatligetilskuddsordningerpdf.pdf
- Senter for statlig økonomistyring: "Resultatmåling. Mål- og resultatstyring i staten", endra sist 2010.
http://www.sfso.no/upload/forvaltning_og_analyse/Publikasjoner%20og%20rapporter/Veileder_resultatstyring.pdf

- Senter for statlig økonomistyring: "Hvordan få en god start på risikostyring i statlige virksomheter" frå 2007.
http://www.sso.no/upload/forvaltning_og_analyse/Publikasjoner%20og%20rapporter/Hvordanfengodstartprisikostyringistatligevirksomheterpdf.pdf

Vedlegg 3

Soneinndeling

Soneinndeling for det distriktspolitiske virkeområdet for regionale utviklingsmidlar frå 1. januar 2007

Fylkeskommune	Sone	Kommunar
Østfold	Sone I	Halden, Moss, Sarpsborg, Fredrikstad, Hvaler, Trøgstad, Spydeberg, Askim, Eidsberg, Skiptvet, Rakkestad, Råde, Rygge, Våler, Hobøl
	Sone III	Aremark, Marker, Rømskog
Akershus	Sone I	Alle kommunar
Oslo	Sone I	Oslo er i sone I
Hedmark	Sone I	Elverum, Sør-Odal, Stange, Løten, Ringsaker, Hamar
	Sone II	Nord-Odal
	Sone III	Våler, Åsnes, Grue, Eidskog, Kongsvinger
	Sone IV	Os, Folldal, Alvdal, Tynset, Tolga, Engerdal, Rendalen, Stor-Elvdal, Åmot, Trysil
Oppland	Sone I	Gran, Lunner, Jevnaker, Vestre Toten, Østre Toten, Gjøvik, Lillehammer
	Sone II	Øyer
	Sone III	Vang, Øystre Slidre, Vestre Slidre, Nord-Aurdal, Etnedal, Sør-Aurdal, Nordre Land, Søndre Land, Gausdal
	Sone IV	Ringebu, Sør-Fron, Sel, Nord-Fron, Vågå, Lom, Skjåk, Lesja, Dovre
Buskerud	Sone I	Hurum, Røyken, Lier, Nedre Eiker, Øvre Eiker, Modum, Hole, Ringerike, Kongsberg, Drammen
	Sone III	Rollag, Flesberg, Krødsherad, Sigdal, Hol, Ål, Hemsedal, Gol, Nes, Flå
	Sone IV	Nore og Uvdal
Vestfold	Sone I	Alle kommunar
Telemark	Sone I	Bamble, Siljan, Skien, Porsgrunn
	Sone III	Hjartdal, Sauherad, Bø, Nome, Drangedal, Kragerø, Notodden
	Sone IV	Vinje, Tokke, Fyresdal, Nissedal, Kviteseid, Seljord, Tinn
Aust-Agder	Sone I	Lillesand, Arendal, Grimstad
	Sone II	Iveland, Birkenes, Froland
	Sone III	Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes, Tvedestrand, Vegårshei, Gjerstad, Risør
	Sone IV	Åmli
Vest-Agder	Sone I	Søgne, Songdalen, Vennesla, Mandal, Kristiansand
	Sone II	Lyngdal, Lindesnes
	Sone III	Sirdal, Kvinesdal, Hægebostad, Audnedal, Åseral, Marnardal, Flekkefjord, Farsund
Rogaland	Sone I	Karmøy, Tysvær, Rennesøy, Strand, Randaberg, Sola, Gjesdal, Time, Klepp, Hå, Bjerkreim, Haugesund, Stavanger, Sandnes, Eigersund

Fylkeskommune	Sone	Kommunar
	Sone II	Bokn, Forsand
	Sone III	Vindafjord, Kvitsøy, Finnøy, Suldal, Hjelmeland, Lund, Sokndal
	Sone IV	Utsira, Sauda
Hordaland	Sone I	Lindås, Øygarden, Meland, Osterøy, Askøy, Fjell, Sund, Os, Stord, Bergen
	Sone II	Austrheim, Radøy, Fusa, Bømlo, Sveio
	Sone III	Masfjorden, Fedje, Modalen, Vaksdal, Austevoll, Samnanger, Kvam, Voss, Granvin, Kvinnherad, Tysnes, Fitjar, Etne
	Sone IV	Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Odda, Jondal
Sogn og Fjordane	Sone III	Alle kommunar
Møre og Romsdal	Sone I	Giske, Sula, Skodje, Ørskog, Ålesund, Molde
	Sone II	Fræna, Sykkylven, Hareid, Ulstein
	Sone III	Sunndal, Tingvoll, Gjemnes, Averøy, Eide, Aukra, Sandøy, Midsund, Nettet, Rauma, Vestnes, Haram, Stordal, Stranda, Norddal, Ørsta, Volda, Herøy, Sande, Vanylven, Kristiansund
	Sone IV	Aure, Smøla, Halså, Rindal, Surnadal
Sør-Trøndelag	Sone I	Malvik, Klæbu, Skaun, Melhus, Trondheim
	Sone II	Orkdal
	Sone III	Selbu, Midtre Gauldal, Rissa, Ørland
	Sone IV	Tydal, Holtålen, Røros, Meldal, Rennebu, Oppdal, Osen, Roan, Åfjord, Bjugn, Agdenes, Frøya, Hitra, Snillfjord, Hemne
Nord-Trøndelag	Sone I	Stjørdal
	Sone II	Levanger
	Sone III	Inderøy¹⁰, Verdal, Leksvik, Frosta, Steinkjer
	Sone IV	Leka, Nærøy, Vikna, Flatanger, Fosnes, Overhalla, Høylandet, Grong, Namsskogan, Røyrvik, Lierne, Snåsa, Namdalseid, Verran, Mosvik⁹, Meråker, Namsos
Nordland	Sone III	Bodø
	Sone IV	Alle kommunar unntatt Bodø
Troms	Sone III	Tromsø
	Sone IV	Alle kommunar unntatt Tromsø
Finnmark	Sone IV	Alle kommunar

¹⁰ Soneplasseringa av dei tidlegare kommunane Inderøy og Mosvik vert vidareført fram til neste revisjon verkeområdet, det vil si ut 2013.